



Norges Vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/12463 - 25/70432	Synnøve Valle - 712 80 239	29.04.2025

Molde og Rauma kommune - Ny 420kV Isfjorden - Fannefjorden, Fannefjorden transformatorstasjon og Isfjorden koblingsstasjon - høyring

Vi er bedne om å gje innspel til utgreiingsprogram i samband med ny 420 kV kraftleidning mellom Isfjorden i Rauma kommune og Fannefjorden i Molde kommune. Traséalternativa er mellom ca. 30 km og 35 km lang, avhengig av trasé. Statnett melder også ny koplingsstasjon i Isfjorden og ny transformatorstasjon i Fannefjorden.

Samferdsel

Nye kraftleidningar vil kunne krevje løyve etter veglova, både på grunn av kryssing av offentleg veg og behov for tilkomst frå slik veg. Dei nye kraftleidningane vil krysse offentlege vegar fleire stader. Det er ikkje tillate å leggje leidningar over, under eller nærare enn tre meter frå offentleg veg utan særskilt løyve frå vegstyresmaktene, jf. veglova § 32.

Det vil bli behov for tilkomst til transformator- og koplingsstasjonane frå offentleg veg. Ved behov for å etablere eller utvide bruken av avkøyrslar, må det sendast søknad til rette myndigheit for handsaming i samsvar med veglova §§ 40 og 43.

Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg vil vere rettleiande for haldningane Møre og Romsdal fylkeskommune vil praktisere ved behandling av både avkøyrselssaker og byggegrensesaker, lenke [Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser](#).

Automatisk freda kulturminne

Forslag til utgreiingsprogram er for det meste basert på kulturminne som allereie finst. I punkt 5.3.1 vert det nemnd at kulturminnemyndigheit skal vurdere potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. I tidlegare møte med Statnett i 2023 har vi vurdert at alle alternativa for ny

420 kV har potensiale for automatisk freda kulturminne. Potensialet for funn er i hovudsak knytt til utmarksminne, eksempelvis tufter, seteranlegg eller fangstgraver. Dette er grunnlagt i området topografi, høgde over havet, i tillegg til førekomst av allereie registrerte automatiske freda kulturminne i nærleik til planområda. På grunnlag av dette stille vi krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege planen eventuelt kan godkjennast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Sidan det er store areal som skal synfarast og eit relativt kort tidsrom i sesongen å gjere det på, må bestilling av registrering gjerast i god tid før ein ønsker å få det utført, gjerne året før. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak.

Vi oppfordrar dykk til å ta kontakt vedrørande budsjett for arkeologisk registrering, feltoppstart og/eller andre spørsmål knytt til dette.

Energi og grøn omstilling

Oppgradering av transmisjonsnett mellom Isfjorden i Rauma kommune til og med Fannefjorden i Molde kommune, med spenningsheving frå 132kV til 420kV, ny koplingsstasjon i Isfjorden og ny transformatorstasjon ved Fannefjorden, vil medføre ei sårt tiltrengt forbetring av nettsituasjonen i Romsdal og på Nordmøre. Tiltaket vil medføre auka effektkapasitet og, saman med 420 kV forsyning frå Viklandet i Sunndal, ei sikrare tosidig forsyning fram til ny trafostasjon ved Fannefjord. Ny stasjon ved Fannefjord vil erstatta dagens trafostasjon ved Istad, og styrke vidare 132 kV forsyning til Romsdalshalvøya og til Nordmøre via Averøy og Kristiansund. Alle dei skisserte alternativa for stasjonsplassering og traséar for nett vil medføre auka effektkapasitet og sikre tosidig forsyning til Hjelset.

Det er vesentleg at konsekvensutgreiinga av dei ulike alternativa omfattar forventet framdrift og tidfesting av realisering og ferdigstilling av planane, og samtidig at alle utgreiingstema vert kartlagt fram til og med punkt B i figur 14 i dokumentet «Melding Isfjorden - Fannefjorden – Revidert med nye kart» datert juni 2023.

Konklusjon

- Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege planen eventuelt kan godkjennast.
- Vi viser til merknadene over som gjeld samferdsel og energi og grøn omstilling og ber om at desse vert tekne med i det arbeidet.
- Ta kontakt med fagsaksbehandlarar ved behov.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Molde kommune

Rauma kommune

Statens vegvesen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: rådgivar Mona Skram Rustad, tlf. 71 28 05 17

Automatisk freda kulturminne: Agathe Farstad Smørholm, tlf. 71 28 02 99

Energi og grøn omstilling: rådgivar Per Oterholm, tlf. 71 28 02 24